

EID KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Oppvekst- og kulturstyret	11.01.2005	003/05	AKY

Avgjerd av: Oppvekst- og kulturstyret	Arkiv: A1	Arkivsaknr
Saksansv.: Åsmund Kyrkjeeide	Objekt:	2004001576

Høyring om ny barnehagelov

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	11.11.2004	Det kongelege barne- og familiedepartementet	Høyringsnotat om ny barnehagelov

Prenta vedlegg:

Lov av 5. mai 1995: Barnehagelova med gjeldande endringar.

Framlegg til ny lov.

Sak 91/04 KS: Høringsuttalelse om ny barnehagelov.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Gjeldande barnehagelov av 5. mai 1995 med endringar.

Forskrifter til barnehagelova.

Rammeplan for barnehagen

Høyringsframlegg til ny barnehagelov

Kva saka gjeld:

FAKTA.

Barne- og familiedepartementet har i brev, d.s. 09.11.2004 sendt til høyring framlegg til ny barnehagelov. Fristen for innspel er sett til 10. januar 2004. Med så kort frist, der jul- og nyttårs aktivitetane er del av perioden, er det ikkje mogeleg å kunne gjennomføre ei grundig politisk behandling.

Hovudføremålet med barnehagelova er å bidra til at barna får omsorg og eit godt pedagogisk tilbod. Regelverket skal sikre høg kvalitet i barnehagetilbodet, samtidig som det skal leggast til rette for best mogeleg lokal utforming av kvalitetskrav mv.

Barne- og familiedepartementet seier:

"Forslaget til ny barnehagelov imøtekommer behovet for en forenkling og modernisering av dagens lov av 5. mai 1995 nr.19. Forslaget til ny barnehagelov med tilhørende forskrifter inneholder en rekke forenklinger som i sum vil gjøre lovverket mer brukervennlig. Et utviklingstrekk de siste årene har vært at kommunene gradvis har fått flere oppgaver og

plikter som barnehagemyndighet. Når kommunesektoren får ansvaret for å løse en oppgave, bør også kommunen få ansvaret for å finne måter å organisere oppgaveløsningen på. Det bør legges til rette for at kommunene, ut fra et lokalpolitisk skjønn og demografi, kan prioritere hva som er viktigst og hvordan barnehagetilbudet skal utformes. På denne måten kan man oppnå en effektiv tjenesteproduksjon som imøtekommer brukernes behov. Den nye loven skal tydeliggjøre oppgavene til de ulike ansvarsnivåene og legge til rette for nye etableringer, økt lokal tilpasning og mangfold i barnehagetilbudet. Loven legger til rette for brukermedvirkning med tanke på å sikre foreldrene medinnflytelse på barnas hverdag.

Det foreslås i hovedsak endringer på følgende områder:

- innholdsbestemmelsen utvides*
- barns rett til medbestemmelse foreslås synliggjort i en egen bestemmelse*
- plikten til å søke godkjenning foreslås skjerpet*
- reglene om kommunens behandling av godkjenningssøknader foreslås endret*
- dagens bestemmelse om rett til prioritet ved opptak foreslås noe utvidet*
- fylkesmannens tilsynskompetanse foreslås endret.*

I tillegg foreslås det enkelte mindre endringer og flere endringer av ren redaksjonell art

I høringsnotatet diskuteres også hvordan bestemmelsene om barnehagens ledelse og det øvrige personalet bør utformes. Med hensyn til den kompetansen som kreves av leder i barnehagen, skisseres det to alternativer. Når det gjelder barnehagens øvrige personale, beskriver departementet to hovedalternativer med tilhørende underalternativer. Departementet ønsker en åpen drøftelse av disse spørsmålene, og vil konkludere etter høringsrunden.”

I samandraget av høyringsframlegget skriv departementet at lovframlegget m.a. skal imøtekomme behovet for ei oppdatering og forbedring av gjeldande barnehagelov, utkastet skal styrke føresetnadene for at barnehagen kan gje borna omsorg og eit godt pedagogiske tilbod, lova skal bidra til ei ryddig ansvarsfordeling og stabile rammer i barnehagesektoren og legge til rette for nyetableringar, kommunalt handlingsrom og mangfald i tilbodet.

Departementet skriv vidare at framlegget følgjer opp eit overordna mål om at statleg regelverk i minst muleg grad skal legge bindingar på kommunesektoren. Dei mange oppgåvene som kommunesektoren har fått overført som barnehagemyndigheit, tilseier at kommunane sjølve også må få ansvar for å finne måtar å organisere desse oppgåvene på. Etter departementet sitt syn vil framlegget innebere ei vesentleg forenkling av eksisterande regelverk.

Departementet skriv vidare at kvalitet har vore ei rettesnor i arbeidet med den nye lova. Ei arbeidsgruppe har vurdert korleis kvaliteten i barnehagetilbodet kan sikrast. Framlegget frå denne gruppa har utgjort ein viktig del av grunnlaget for lovforslaget.

Framlegget har teke utgangspunkt i at kommunane gjennom rammetilskotet vil få ansvaret for finansieringa av barnehagane frå 2006.

Det vil føre for langt å gå inn på alle endringane i høve til gjeldande lov. Innhaldet i ein del paragrafar har vorte sterkt fokusert i den offentlege debatten etter at høyringsutkastet vart presentert. Dette gjeld særleg §10 - Godkjenning, § 18 Leiing, § 19 Barnehagens øvrige personale. Når det gjeld dei to sistnemnde paragrafane er det sett opp fleire alternativ til tekst.

Ein del andre endringar er også komne til, slik som borns rett til medverknad, om godkjenning og tilsyn, rett til prioritet ved opptak (nedsett funksjonsevne) og fylkesmannen sine plikter.

Gjeldande lov sin regel om automatisk rett til etablering og offentlig driftstilskot er tenkt vidareført.

Vurdering:

Lovframlegget ber preg av den trenden som frå sentralt hald har vorte retningsgjevande overfor kommunane dei siste åra: Det vert sett opp visse rammer for dei offentlege tenestene til innbyggjarane som det er opp til kommunane sjølve å fylle med innhald, tilpassa lokale tilhøve. Med andre ord – mindre detaljstyring frå staten og større fridom under ansvar for kommunane.

Generelt har denne politikken ført til at fleire og fleire av dei øymerka tilskota til kommunane, har vorte lagde inn i rammene. Same opplegget er tenkt gjennomført frå 2006 når det gjeld det øymerka statstilskotet til barnehagane. (Ein ser likevel at staten i enkelte høve vik av frå prinsippet om å overføre detaljstyringa til kommunane, t.d. gjeld dette det stortingsbestemte vedtaket om maksimalpris for foreldrebetaling i barnehagar). Dette vil truleg slå ulikt ut frå kommune til kommune samanlikna med dagens øymerka ordning. Kriteria for fordeling kommunane i mellom vil bestemme dette. Mindre statstilskot enn no til enkelte kommunar kan gjere det endå trongare økonomisk, og gjere det meir aktuelt for kommunar å presse fleire barn inn i avdelingane i barnehagen for å få økonomisk balanse. Slike tendensar veit vi også har gjort seg gjeldande dei siste åra. Ei opning frå departementet i den lei kan difor på ein måte sjåast på som eit bevisst grep for å formalisere ein alt eksisterande praksis, i tillegg til at kommunen vil få auka handlingsrom. På den måten skyv staten ansvaret fullt ut over på kommunane.

For borna, dei føresette og dei tilsette vil nok faste normer for bemanning og leikeareal følest om ein meir handfast garanti for god kvalitet i framtidens barnehage. Ut frå eit likskapsperspektiv, heile landet sett under eitt, vil rettleiande normer på desse felta vere ein fordel.

Det kunne vore nyttig at staten hadde sett opp visse kvalitetskriterium for barnehagane. Like så burde læringsperspektivet vore sterkare vektlagt, jf. gjeldande lov.

I ei framtid med full barnehagedekning bør lova innehalde eit punkt om høve til å avgrense retten til ny etablering dersom eksisterande plassar stettar behovet.

Når det gjeld § 10 – Godkjenning – er det i lovframlegget sagt at ”Kommunen kan sette vilkår for godkjenningen med hensyn til antall barn, barnas alder og opphaldstid”. I gjeldande lov-§12 - er det sagt at ”Ved godkjenning fastsetter godkjenningsmyndigheten barnas areal- og oppholdsareal”.

Det er såleis heller ikkje sagt noko om arealnormer i gjeldande lov, men statlege publikasjonar for bygging av barnehagar har rettleiande normer for leike- og uteareal.

§ 18 – Leing – har framlegg i to alternativ. Alt A. seier at barnehagen skal ha ei forsvarleg pedagogisk og administrativ leing og at det skal vere ein dagleg leiar.

Alt. B. seier det same, men i tillegg vert det sagt at den daglege leiaren skal ha utdanning som førskulelærer eller anna 3-årig pedagogisk utdanning med tillegg av 60 studiepoeng i barnehagepedagogikk.

Alt. B skil seg ikkje noko særleg ut frå det som er sagt om dagleg leiar i § 16 i gjeldande lov.

I § 19 – Barnehagen sitt øvrige personale – er det også sett opp fleire alternativ.

Alt. A liknar ein del på dagens § 17. I dette alternativet er det m.a. sagt at dagens norm til pedagogtetttheit vert ført vidare i forskrift. Slik bemanningsnorm står også i forskriftene no.

Alt. B er som Alt.A, men med tillegg om at felles norm i forskrifta skal vere ein førskulelærer per 10-14 barn.

Alt. C har med at *barnegruppene skal ha en størrelse som er hensiktsmessig ut fra barnas alder og forutsetninger*. Det er ikkje sagt noko om at normer skal fastsetjast gjennom forskrifter.

Alt. D seier berre at bemanninga skal vere tilstrekkelig til at personalet kan drive tilfredstillande pedagogisk verksemd, og at barnegruppene skal ha ein storleik som er tenleg ut frå barna sin alder og føresetnader. Dette alternativet overlet fullt ut til kommunen å bestemme.

Det må vere eit rett siktemål at sidan det på kommunal sektor er opna for eit utvida kommunalt sjølvstyre under ansvar, er det også naturleg at barnehagelova tek inn over seg dette prinsippet. Utgangspunkt for organisering av barnehagetilbodet kan vere nokså ulikt. Rundt om i landet finst det store og små barnehagar, barnehagar kombinert med skular, barnehagar i landdistrikt, barnehagar i byområde, og ulike føresetnader hos borna i barnehagen kan skifte frå år til år og i dei ulike barnegruppene. Ei viss opning for kommunalt skjønn bør difor vere til stades. Dette bør likevel balanserast av mot rettleiande normer som staten dreg opp.

OK- styret har tidlegare peika ut Kari Laila Skrede, Oddvar Os og Laila Espe Jakobsen til å førebu fråsegn frå OK- styret. Arbeidsgruppa sitt framlegg til fråsegn frå Eid kommune vert:

Eid kommune gir slik fråsegn til framlegget om ny barnehagelov:

For Eid kommune er det viktig at det økonomiske handlingsrommet for kommunen vert slik at det gode barnehagetilbodet i kommunen kan vidareførast og utviklast. Det hjelper lite med rettleiande reglar og gode intensjonar som skaper forventningar mellom brukarane, dersom kommunane ikkje vert sette i stand til å gjennomføre ordningane. Dei økonomiske overføringane til kommunane må vere så gode at kommunane får mulegheiter til å utøve det skjønnet og gjere dei vurderingane som lovvendinga legg til grunn. Først då vil ein få det fungerande lokaldemokratiet lovvendinga byggjer på, og slikt økonomisk handlingsrom vil vere ein klar føresetnad for at lovvendinga som er send ut til høyring skal kunne fungere på ein god måte.

MERKNADER TIL ULIKE OMRÅDE OG PARAGRAFAR I HØYRINGSNOTATET:

1. På same vis som på andre kommunale tenesteområde må det vere eit rett prinsipp at det i den nye barnehagelova vert opna for meir kommunal vurdering og skjønn tilpassa den enkelte barnehage.
2. Staten må likevel gjennom forskrifter setje opp rettleiande normer for bemanning og areal for barnehagane.
3. I § 2 *Barnehagens innhald* - er det er ønskeleg med eit sterkare fokus på barnet i eit livslangt læringsperspektiv, jf. tidlegare lovtekst og det som er sagt om livslang læring i *St.meld 30 Kultur for læring*. Dette perspektivet er ikkje framheva klart nok i høve barnehagens innhald.
4. I § 10- *Godkjenning* må det vere med eit punkt som avgrensar retten til å kunne etablere

nye barnehagar med kommunalt driftstilskot dersom dette vil medføre ein overkapasitet i kommunen.

5. Når det gjeld § 18 *Leiing* – støttar Eid kommune at Alt. B som lyder:

”Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse.

Barnehagen skal ha en daglig leder som har utdanning som førskolelærer eller annen treårig pedagogisk utdanning på høgsolenivå med tillegg av ett års videreutdanning i barnehagepedagogikk.

Når barnehage og grunnskole er organisert som en mindre virksomhet, kan skolens rektor vere daglig leder for barnehagen.

Kommunen kan innvilge dispensasjon fra utdanningskravet etter andre ledd. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen.

Departementet gir nærmere forskrifter.”

6. Når det gjeld § 19 *Barnehagens øvrige personale*. Eid kommune ønskjer at dagens norm for pedagogtettleik vert ført vidare i lovtekst.

.....

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

Per Kr. Storevik
-rådmann-